

# Klima-, miljø- og arbeidsmiljø policy for Knudsen Dørfabrikk AS



Me ved Knudsen Dørfabrikk AS tek vårt ansvar på alvor når det gjeld klima, miljø, og arbeidsmiljø. Målet vårt er å gjera små, men viktige steg for å gje ein positiv påverknad.

Gjennom våre handlingsplanar for HMSK skal me aktivt nytta oss av FN's bærekraftsmål i jakten på nye bærekraftsmål som me kan strekka oss etter.

## Klima:

Me er klar over utfordringane klimaendringane skapar og ynskjer å redusera vår påverknad. Me søker etter måtar å gjera produksjonen meir miljøvenleg, redusera avfall, og vera bevisste på energibruken vår.

## Miljø:

Me vil ta omsyn til miljøet i valet av materialar og i korleis me handterer avfall. Å støtta resirkulering, velje miljøvenlege alternativ, og ha eit auge for kva våre leverandørar står for er viktige aspekt av vår innsats for eit betre miljø.

## Arbeidsmiljø:

Våre tilsette sin trivsel og tryggleik er sentrale for oss. Me arbeider for å skapa eit arbeidsmiljø som er fritt for diskriminering, mobbing og trakassering, og me held fokus på opplæring og tryggleik for å sikra at alle kan utføra arbeidsoppgåvene sine på ein trygg måte.

## Samfunnsansvar:

Me ynskjer å vera ein god nabo og medborgar. Dette betyr å støtta lokale initiativ, vera bevisste for vårt fotavtrykk, og vera aktive i samfunnet rundt oss.

Denne policyen er ikkje berre ord, men noko me forpliktar oss til å gjera i kvardagen. Vi skal regelmessig sjå over våre mål og metodar for å sjå korleis me kan gjera det endå betre.

<b>Ansvarlig:</b> Kenneth Karlsen	<b>Godkjent av:</b> Roar Knudsen	
<b>Versjon:</b> 1	<b>Siste revisjon:</b> 26.11.2023	<b>Neste revisjon:</b> 26.11.2025 19:55